

# Berre den som tek imot, har rett til å gi

## KV-konsultasjon om ressursfordeling

JOHAN SKJORTNES

*Noko av det verste eg opplever, er å måtte ta imot gåver frå andre når dei vert gjevne til meg på grunn av at eg er i ein vanskeleg og sårbar livssituasjon. Noko av det eg opplever enkelt i livet, er å gi gåver til andre, serleg når eg kan gi på mine eigne vilkår. Den rikaste og mest meiningfulle oppleveinga eg har, er å få dele gjensidig.*

Det var den kvinnelege delegaten Sithembiso Nyoni frå Zimbabwe som opna sitt innleiingsforedrag på KV-konsultasjonen i El Escorial i Spania frå 24-31.10.1987 med desse tankevekjande utsegna. Emnet for konsultasjonen var «Ressursfordeling», og var ei førebels sluttføring av eit studieprogram om emnet som KV sette i gang etter Generalforsamlinga i Nairobi i 1975. Sjølve studie-arbeidet vart avslutta i 1980 med studieboka «Empty hands», og deretter heldt arbeidet med ressursdelingsspørsmålet fram direkte under generalsekretariatet i KV. Mot slutten av 1984 vart medlemskyrkjene og nokre misjonsorganisasjonar oppfordra til å studere og gi respons på heftet «Towards an Ecumenical Commitment for Resource Sharing». Året etter kom det ein preliminær invitasjon til medlemskyrkjene om å førebu seg til å sende representantar til ein verdsomfattande konsultasjon om emnet. Denne konsultasjonen vart lagd til El Escorial like utanfor Madrid der det inkl. staben i Geneve møtte 250 personar frå 73 land.

Målet for konsultasjonen var å utvikle modellar og ratingslinjer for ei forpliktande ekumenisk ressursfordeling mellom kyrkjene. Dette skjedde gjennom ein prosess som omfatta liturgiske morgonsamlingar, bibelstudium, temapresentasjonar, arbeidsgrupper og regionale møte. Som arbeidsdokument hadde gruppene fått tilsendt eit utkast frå KV-

administrasjonen i Geneve: «KINOONIA, sharing life in a world community».

Men det skulle snart vise seg at å ko-ordinere og sluttføre ein så krevjande prosess i heile 18 forskjellig arbeidsgrupper var svært vanskeleg. Og det gjorde ikkje prosessen lettare at forsamlinga representerte så store forskjellar i tradisjon og teologi at det var svært vanskeleg å nå fram til eit samlande sluttdokument som var ei naturleg sluttføring av arbeidet i gruppene. Difor såg dirigentskapet seg nøydd til å la ei eiga gruppe redigere eit utkast til «Guidelines for Sharing» som i alt vesentleg vart tilstembt utan formell votering og utan at det var tid igjen til serleg drøfting av dokumentet. På det tidspunktet hadde vi heller ikkje tilgang til det arbeidet som den einskilde gruppa hadde lagt fram som sitt bidrag i den totale prosessen. I skrivande stund ligg desse gruppearbeida endå ikkje føre. Og det er såleis umogleg å seie noko om samsvar og avvik i sluttdokumentet i forhold til det arbeidet som vart lagt ned i gruppene under konsulasjonen.

Eigentleg er vel dette ei stadfesting av den generelle røynsla om at verdsomfattande konsulasjonar høver seg lite for emne som krev djuptgåande drøftingar. Rett nok hadde KV førebudd konsulasjonen over lang tid. Men skal sluttresultatet bli godt, må det helst vere generell konsensus om dei delmål som ligg forut for den konsulasjonen som skal formulere dei endelige konklusjonane. Dette er spesielt viktig i eit så konfliktfylt spørsmål som ei meir rettferdig fordeling av ressursane i verda.

Men lat det også vere sagt at konsulasjonen i El Escorial likevel ga oss ei uvanleg sterk oppleveling av rikdomen og mangfaldet i gjensidig ressursfordeling blant menneske som ikkje berre drøftar spørsmålet, men som også prøver å gjennomføre det innanfor rammen av det fellolesskapet som ein slik konsulasjon representerer. To eksempel skal nemnast her: eit frå gudstenestefeiringa og eit frå den praktiske kvardagen i menighetssamanhang slik det kan opplevast i det sekulariserte Skandinavia.

Som alt nemnt hadde morgonsamlingane liturgisk form. Og med kristne frå 73 land frå heile verda var det åndelege ressursar nok til å gi gudstenestefeiringa eit innhald som i rikdom og mangfold måtte vere ein forsmak på det som vil skje når Guds folk frå alle ætter og tungemål skal lovsyngje Gud på den store dagen. Det var liturgi og salmesong henta frå ulike tradisjonar og konfesjonar. Det var lovesong frå Afrika, bøner frå Latin-Amerika og salmesong frå Asia og Europa. Tonar og rytmer var like varierte. Og med songleiarar og tonefylgle av beste slag

vart det ei sterk oppleving av den rikdomen eit verdsomfattande guds-tenestefelleskap kan gi. Eg trur neppe ei rein luthersk forsamling ville kunne makte noko tilsvarande.

Det andre eksemplet var ei oppleving med motsett forteikn, og hadde samanheng med forskjellen mellom nord og sør både når det gjeld materielle og åndelege ressursar. Kyrkjene i nord har generelt mykje å gi av materielle ressursar, men kjem ofte til kort når det gjeld åndeleg liv og kraft. Dette kom til uttrykk gjennom fleire innlegg. Eg tenkjer serleg på ein dansk prest og ei finsk lek-kvinne som skildra den åndelege fattigdomen i sine respektive menigheter. Mange av oss opplevde det som eit skrik om hjelp for å overleve. Sekulariseringss prosessen er bortimot total, og både presten og lek-folket er i ferd med å gå trøytt blant likegyldige menneske som er så innkrøkte i seg sjølve og sine eigne behov at dei aldri ofrar spørsmålet om ressursfordeling og eit globalt fellesskap ein einaste tanke. Finst det i det heile religiøse interesser, går det meir på østens religionar med sjelenvandring og meditasjon enn på det den lokale kristne menigheten måtte ha å gi. Difor ba presten og lek-kvinna om hjelp. Og dei vende seg ikkje til Europa, men til representantane frå den tredje verda der kristendomen er på offensiven som aldri før.

Teologisk vurdert kom konsultasjonen i el Escorial etter mi meinung ut med godkjend karakter. Dette kan vi ikkje minst takke dr. teol. Konrad Raiser for. Han er professor ved Universitetet i Bochum i Vest Tyskland og heldt eit innleiingsforedrag om «*Koinonia — sharing life in a world community*» der han ga den teologiske grunngjevinga for gjensidig ressursfordeling. Dr. Konrad Raiser fokuserte to grunnleggjande bibelske motiv som utgangspunkt og basis for delingstanken: samanhengen mellom nattverd og diakoni og kyrkja som Kristi lekam. Begge desse motiva viser for det første at Kristi kyrkje er eit samfunn som manifesterer fellesskapet gjennom menneske som gjensidig tek imot og gir. Dessutan er det ikke først og fremst tale om materielle ressursar som pengar og institusjonelle verdiar og program. Det kristne fellesskapet er eit åndeleg fellesskap som kjem til uttrykk og når full meinung og mål gjennom gjensidig deling av liv. Derfor vil ei fordeling av materielle verdiar vere sekundær i forhold til møte mellom menneske som gjensidig gir og tek imot av dei åndelege ressursar som fellesskapet lever av. Ved nattverdbordet kjem dette tydeleg til uttrykk der vi enkeltvis og som fellesskap får del i Han som er liv, eit liv som vi deler med kvarandre og gir vidare til andre i teneste for Han som ga seg sjølv utan vilkår og krav om vederlag. Og gjennom kyrkja som Kristi lekam ser vi både fellesskapet som ei Guds gáve og enkeltmenneske som gjen-

sidig er avhengige av kvarandre og som gjennom fellesskapet stadig vert fornya ved Den Heilage Ande til teneste for kvarandre. Heile vegen er det eit livsfellesskap som manifesterer seg i menneskelege forhold der vi vekselvis gîr og tek imot samtidig som forholdet er fullstendig fri for dominans frå den eine eller den andre parten.<sup>1</sup>

Men teologien til tross, så makta ikke konsultasjonen å integrere retningslinjene for konkret handling i den teologiske basis for gjensidig ressursfordeling. Her vil eg fokusere to vesentlege manglar:

På bakgrunn av at erklæringa viser klart til syndekrefte som den eigentlege årsaka til vårt sjølvsenterte liv og at det er den oppstandne og nærverande Herre som i kraft av Den Heilag Ande kan gjere oss i stand til å bryte ned barrierene mellom menneske,<sup>2</sup> ville det vere naturleg at konsultasjonen fokuserte på den ressursen som i kyrkjeleg sammenheng er fundamentet for all fordeling: evangeliet i Jesus Kristus: «Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for alle menneske!» (Mk. 16:15). Dette er den store fellesressursen som vi skulle dele med kvarandre på tvers av geografiske, sosio-økonomiske og kulturelle grenser. Vi har også mange vitnesbyrd om at unge kyrkjer i den tredje verda har gripe meir av evangeliet som ressurs enn vi som har hatt den lengst samtidig som dei også har større evne til å dele den med andre. Det er vel ei generell oppleving at i drøftingar om gjensidig ressursfordeling mellom i-lang og u-land, er det dei sistnemnde som kjem til kort, fordi vi altfor ofte måler ressursar i materielle verdier. Det er i-landa som disponerer dei store ressursane og som kan gi og fordele til andre. Men når vi tenker på evangeliet som ressurs, kan vi like gjerne snu på problemstillinga. Då kjem i-landa ofte blant taparane og dei ressursveike medan u-landa kan plasserast blant dei rike. Dei fleste kristne finst i dag blant dei farga folkeslaga. Det er unge kyrkjer som er på offensiven når det gjeld å nå nye menneske for Guds rike, og dei har mykje å dele med andre både når det gjeld kunnskap om evangeliet og presentasjonen av det blant nye målgrupper.

Vi skal også merke oss som ei generell røynsle at når handling og praksis misser festet i evangeliet, vil både innhald og retning få ein annan kurs. Det er nok tendensar til det i erklæringa fra El Escorial. I retningslinjene for betre ressursfordeling er det mykje tale om økonomi, politikk og strukturer og mindre om kjærleik, godleik og fråhald for berre å nemne nokre av dei Åndens frukter som er gudsriket sitt kjenneteikn i møte mellom menneske og kyrkjесamfunn. Ikkje slik å forstå at eit sterkt sosialt engasjement nasjonalt og internasjonalt er uvesentleg. Langt derifrå! Men det er viktig å vere klar over at når Guds rike prinsipielt og praktisk vert definert utan Jesus Kristus og hans

evangelium, blir det ein ideologi og ikkje ei gudsopenberring der Jesus og hans frelsesverk er både utgangspunkt og innhald. Det var dette som skjedde i store deler av protestantismen i det 19. årh. Der kunne ein gjerne be den 2. bønn i Fader Vår: «Lat riket ditt kome!» Men ein var meir tilbakehaldande med bøna i Johs. openb. 22: «Maranata, kom Herre Jesus!» Derfor vart resultatet så ofte ei eller anna form for ideologi og ikkje det gudsriket som Jesus proklamerte. Ideologien kan skifte alt etter det politiske utgangspunktet. Det kan f.eks. vere ein progressiv kapitalisme der visjonen er velsigningane frå den moderne sivilisasjonen med teknisk framgang og materiell velferd. Men utgangspunktet kan også vere marxismen der det er proletariatet som gir mening og von til folket. Men anten ideologien er kapitalisme eller marxisme, blir evange-liet ein visjon på menneskelege premissar. Kapitalismen kan gi førestillingar om eit himmelrike på forskot der frelse her på jorda blir avgrensa til ei personleg oppleving utan sosial-etisk ansvar. Marxismen derimot kan overføre dogmet om den uavvendelege klassekampen til kampen mellom Guds rike og Satans rike. Denne kampen manifesterer seg i motsetningane rik og fattig, undertrykker og undertrykt der Gud ikkje berre er på parti med sistnemnde, men gir dei også barnerett og barnekår. (Jfr. Lesslie Newbigin: «Mission in Christ's Way». Bible Studies).

Dermed vil eg ikkje ha sagt at det var dette som skjedde i El Escorial. Som sagt kunne gudstenestefeiringane gi sterke opplevingar av Kristus-sentrerte bøner og vitnesbyrd. Den teologiske grunngjevinga for gjensidig ressursfordeling var også klar. Men eg synest det glapp i refleksjonen vidare frå basis til konkret forplikting. Og eg trur dette heng saman med at gudsrikkedimensjonen ikkje vart klart innhaldsdefinert i relasjon til Jesus Kristus og hans evangelium. Det rakna fordi forslaga til kyrkjelege aksjonar ikkje var klart nok bundne saman med personen Jesus, Han som både *er* Guds rike og som alle aksjonar skal peike tilbake til.

Verdien av konsultasjonen vil sjølvsagt vere avhengig av om og korleis KV sentralt og medlemskyrkjene på alle kontinent har evne og vilje til å fylgje opp erklæringa fra El Escorial. Vi trur at dette nok vil by på atskillige problem. Det viste seg alt under sjølve møtet, serleg fordi innfallsvinkelen til problemkomplekset er så forskjellig frå kontinent til kontinent og til dels også frå land til land. Såleis er det berre naturleg at representantar frå eit krigsherja Libanon vil fokusere andre problemormåde enn representantar frå det fredeleg og velfødde Skandinavia. Det var elles ei generell oppleving at representantar frå den tredje verda gjerne gjorde spørsmålet om ressursfordeling til eit

politisk tema medan Europa og Nord-Amerika la størst vekt på dei teologiske sidene ved spørsmålet.

I norsk samanheng kan oppfylgjingsarbeidet by på spesielle vanskår. Som kjent er det atskillig skepsis mot KV i kristenfolket, og den har sine legitime grunnar. Det gjer heller ikkje situasjonen lettare at i alt veldig sentleg er det dei frivillige organisasjonane som gjennom sitt misjonsarbeid «representerer» kyrkja i møte og samarbeid med andre kyrkjer i den tredje verda — også sume av dei kyrkjene som var representerte i El Escorial. Men det ville vere ille om slike forhold skulle føre til at vi som kristenfolk avviste dei problemstillingane omkring ressursfordeling som konsultasjonen reiste.

Møtet var for det første ganske representativt, ikkje minst når det gjeld kyrkjer i den tredje verda. Dessutan reiste det problemstillingar som ingen kan stille seg likegyldige til. Det er spørsmål som går på våre sjansar til å kunne overleve som nasjonar og menneskeætt. Og det er spørsmål som går på medmenneskelege og interkyrkjelege samarbeidsforhold, på haldningar og respekten for kvarandre. Ikkje minst møter vi nærgåande spørsmål om relasjonar mellom givar og mottakar, om f.eks. vi som sender misjonærar og gir økonomisk støtte, er truverdige vitne om evangeliet, om vi gir gåvene våre på ein slik måte at det audmjuker i staden for å reise opp, om vi verbalt forkynner kjærleik, men gir vitnesbyrd om makt. Ikkje alt som kjem frå El Escorial vil samle oss i kampen for ei meir rettferdig fordeling av ressursane. Noko vil truleg til og med splitte oss, serleg det som kan tolkast som ei politisering av kyrkja sitt mandat. Men noko går rett inn i vår eigen situasjon. Og i det fylgjande vil vi ta fram nokre aktuelle synspunkt som kan vere nyttige å ha i tankane når eit oppfylgjingsarbeid skal setjast ut i livet i norsk samanheng.

### Personell-utveksling/to-vegs trafikk

Dette er berre ein naturleg konsekvens av at kristensamfunnet manifesterer seg i eit fellesskap som både gir og tek imot. Det gjeld globalt såvel som lokalt. Tradisjonelt har det vore vesterlanda som sende misjonærar til den tredje verda. I våre dagar er dette utvida til sending også av studiegrupper og einskildpersonar som i møte med dei unge kyrkjene og misjonsarbeidet får inspirasjon til å formidle misjonsglød og engasjement tilbake til kristenfolket i Norge. I heller liten grad får vi vitjingar av utsendingar frå dei mange kyrkjene. Og når det skjer, er formålet ofte uklart definert

Det vart sagt under konsultasjonen i El Escorial at grunnen til stor personell-trafikk nord-sør og tilsvarende liten trafikk sør-nord, er vår

tendens til å undervurdere det kyrkjene i sør representerer av ressursar og åndeleg kraft. Vår tenkning er sterkt misjonærorientert med vekt på det vi kan tilføre dei unge kyrkjene av kristen kunnskap og praksis i evan-gelisering. Imidlertid er det i dag gode grunnar for å revurdre denne einvegstrafikken av innsats og ressursbruk i det globale kristningsarbeidet. For det første skjer det ei tyngdeforskyvning av kristendomen frå nord mot sør. Såleis er berre 40% av den kristne kyrkja kvite. Desutan er Europa — dette kristne kontinent gjennom mange hundre år — blitt ei av dei største utfordringane i misjonen. Det er også eit misjonsstrategisk paradoks at mange av dei unge kyrkjene representerer større åndeleg kraft i frimodig vitneteneste enn kyrkjessamfunna i den delen av verden som sender frå seg så mange misjonærar. Såleis er det mykje som taler for at Afrika — og kanskje også Kina — kan bli dei nye «kristne» verdsdelane og at kyrkeveksten i globalt perspektiv vil skje først og fremst gjennom svarte og gule misjonærar.

Konkret bør denne erkjenninga munne ut i praktiske opplegg for invitasjon av ressurspersonar fra søsterkyrkjer i Afrika, Asia og Latin-Amerika som kan gjere teneste i norske kyrkjelydar og misjonsorganisasjonar. Ei slik teneste kan variere i tid alt etter opplegg og lokale forhold. På mange måtar vil det passe betre i ein kyrkjelyd enn i ein misjonsorganisasjon der det er minimalt av stasjonært arbeid. Ein kombinasjon kan også vere aktuell, f.eks. som ein lekk i «Menighetenes misjonsengasjement.»

### **Slagordet «Inga tredje verd, berre ei jord»**

Dette slagordet er henta frå «Nord-Sør dialogen» og kan med fordel vere ei ramme for konkrete retninglinjer om ressursfordeling. Vi skal ikkje gå i detaljar om realitetane bak slagordet, men berre minne om at det gjeld ikkje noko mindre enn vår framtid som nasjonar og menneskeætt. Vi har lenge hørt at Afrika er på full fart mot ein øko-katastrofe. Men Afrika ligg langt borte, og dei fleste tek ikkje åtvaringane innover seg før dei får personlege røynsler om ringverknaden av ødsling og misbruk. Kanskje kan algekatastrofen på vår eigen kyst bli ei slik røynsle. Både informasjon og handling er viktig. Gjennom systematisk informasjon på alle plan må det bli klart for alle at framtida vår vil bli ei felles framtid anten vi vil det eller ikkje. Difor må vi også vere saman om å berge det som bergast kan før det blir for seint. Kvart år aukar folketallet i verda med 80 millionar nye borgarar, dei fleste i utviklingsland. Og i 1987 runda vi 5 milliardar totalt. Dersom vi ikkje makter å fordele ressursane på ein meir rettferdig måte, må resultatet bli aukande kaos og ei verdsomfattande folkevandring som ingen kan stanse. Vi veit

også at der er ein nådelaus samanheng mellom folkevekst og miljø-øyde-leggingar. I tillegg kjem den høge levestandarden i i-landa som tvingar fram ei tankelaus rovdrift på naturressursane med forureining av havområda, sur nedbør og radioaktivitet som konsekvens.

Å snu denne katastrofale utviklinga er sjølvsagt eit politisk spørsmål. Men i nord-sør dialogen er det eit hovudpoeng å engasjere flest mogleg av organisasjonane i kvart land i kritikk av den rådande politiske kurssen. Diverre er det altfor mange politiske parti som legg kortsiktige planar med siktet på neste val. Difor må dei pressast av opinionen til å endre kurs og tenkje globalt. For kyrkja og den einskilde kristne er det også eit spørsmål om å gjere alvor av si kristentru. Det kan til og med bli eit spørsmål om å finne himmelporten open. Gjennom forteljinga om den rike mannen og Lazarus har Jesus mint oss om at den som går forbi eit menneske i naud (f.eks. Lazarus), går forbi Jesus og vil finne himmelporten stengd. Dette er også eit hovudpoeng i Jesu tale om domen på den siste dagen (Matt. 25). Difor er ikkje ressursfordeling, ørkenspreiing og forureining berre eit politisk spørsmål. Det er også eit spørsmål om å ta sin kristendom alvorleg, det er eit direkte kall til bot og betring.

### **Identifikasjon og solidaritet med fattige og undertrykte<sup>3</sup>**

Det er leit at når dette spørsmålet vert reist i norsk kyrkjeleg debatt, under det ofte opp med ein teologisk strid om kyrkja sitt mandat slik at all voret i problemet omkring den urettferdige ressursfordelinga lett blir svekka. Sjølvsagt er det viktig at kyrkja kjenner sitt mandat, at ho t.d. ikkje har mandat til å lansere konkrete politiske løysingar. Men det vil ikkje seie at kyrkja skal tale så generelt at det vert ufarleg. Vi må våge å vere konkrete og nærgåande, så folk ikkje kan vere i tvil om at kyrkja er ei kyrkje for dei fattige og undertrykte. Då er det betre om kyrkja tek risikoen for å gå for langt enn at ho isolerer seg bak sine eigne murar utan kontakt med brennbare samfunnsspørsmål nasjonalt og internasjonalt som meir enn noko anna manifesterer syndedjupet i menneske individuelt og kollektivt. Det er mi meining at Den norske kyrkja, inkl. dei frivillige organisasjonane er for redde til å risikere skinnnet ansikt til ansikt med all den urett og vald som dominerer i handel og vandel mellom nasjonane. Difor er mange også i ferd med å misse tilliten til kyrkja. I alle fall kan kyrkja sitt votum vere så kompromiss-formulert at det ikkje utan vidare er klart om ho har vilje til å identifisere og solidarisere seg med dei som taper i kampen for levebrød og eit menneskeverdig liv.

## Aktuelle prioriteringar

Det er ein fare for at debatten om ei meir rettferdig ressursfordeling vert så sterkt dominert av det globale perspektivet at vi anten ikkje ser det som skjer på det lokale planet eller at vi misser oversikta og resignerer fordi problemet synest å vere for komplisert. Men det er viktig å vere klar over at løysinga på problemet skjer ikkje først og fremst gjennom drøftingar i konsultasjonar og seminar på ulike nivå, jamvel om desse er viktige nok. Det er framfor alt tale om ein prosess over tid, og det grunnleggjande arbeidet må skje på grunnplanet der den einskilde av oss vert konfrontert med haldningar og vanetenking og at vi såleis litt etter litt vert medvitne om korleis vi som enkeltindivid og i organisasjonssamanheng er med og skapar barrierar mot ei global løysing av problemet. I det fylgjande skal vi berre nemne nokre av desse barrieraane. Dei er i vårt eige nærmiljø, men dei får konsekvensar i vårt møte med ressursproblemets i globalt perspektiv:

### *Frå makt til fullmakt*

I spørsmål som går på ressursfordeling er det viktig å fokusere element som direkte eller indirekte er uttrykk for makt. Rikdom i form av materielle verdiar og personell er i seg sjølv ein maktfaktor. Og den vert berre større når den eine parten i eit bi-lateralt forhold både disponerer og fordeler rikdomen på sine eigne premissar.

Eg trur ikkje vi kan heilt eliminere maktfaktoren, men vi kan arbeide målmedvitne for å la den kome opent fram slik at vi i større grad ser kor stor rolle den spelar og lettare kan redusere den.

I denne samanhengen er det ikkje nok at givaren overfører større makt til mottakaren. Det skjer f.eks. når ein misjonsorganisasjon går bort frå tidlegare praksis med øyremerka løyingar til s. k. «block grant» og let mottakaren sjølv fordele pengane etter eige skjøn. I realiteten er dette berre ei overføring av makt frå eit styre til eit anna. Og det er ingen garanti for at fordelinga av pengane vert meir rettferdig og behovsorientert om fordelingsmakta ligg i eit anna kontinent.

Eit steg i rett retning er kravet om gjensidig innsyn i korleis givar og mottakar disponerer pengane sine.<sup>4</sup> Vi er vel stort sett vane med at dette kravet vert gjort gjeldande overfor mottakaren. Såleis krev både NORAD og dei frivillige organisasjonane rekneskapsplikt over bruken av løyingane. Men ville det ikkje vere naturleg at også givaren hadde ein slags rekneskapsplikt overfor mottakeren om korleis givaren på si side brukar sin del av innsatsen? Som eksempel kan eg nemne den nye samarbeidsavtalen mellom Mekane Yesus-kyrkja og dei samarbeidande mi-

sjonane som krev at kvar misjon sender kyrkja ei oversikt over korleis han har brukt sin del av Etiopia-misjonen. Det er utgifter til misjonær-løner og arbeidsbudsjett, misjonærforebuing og språkstudium, reiser og skulegang for misjonærborna, for å nemne det viktigaste. Kravet til ope innsyn er m.a.o. gjensidig. Maktfaktoren er der nok framleis ettersom det er givaren som fordeler løyvingane mellom kyrkje og misjon. Men vi er i det minste opne for kvarandre. Vi opererer ikkje med ressursar som berre den eine parten veit om. Bruken på begge sider av bordet ligg ope fram. Og det er ei nyttig samanlikning for begge partar, ikkje minst for den som gir og fordeler.

I det norske bidraget om ressursfordeling som var utarbeidd og distribuert på førehand til møtedeltakarane i El Escorial, er maktproblematikken omtala ganske utførlig. Makt er eit omfattande omgrep og kan manifestere seg på forskjellige måter. I vår nordiske kultur har makt i stor grad vore relatert til pengar, eigedom og våpen. Men vi har også sett at makt kan manifestere seg positivt gjennom kollektive aksjonar og felles identitet i solidaritet med kvarandre.

I interkyrkjelege relasjonar er det spesielt viktig at vi ser på dei ulike element i eit maktforhold. I kristen samanheng er eigentleg kjærleiken den sterkeste maktfaktoren, slik Jesus lærte oss. Og når det gjeld ressursfordeling, må målet vere å utvikle eit fellesskap der den einskilde kan bli frigjort til å bruke sitt eige potensial fullt ut. Vi skal ikkje dele med andre våre eigne ressursar på ein slik måte at det skaper mindreverdskjensle og avmakt. Men det skal tvertimot byggje opp og utløyse skapande krefter på begge sider i eit samarbeidsforhold.

I ei verd med så enorme forskjellar mellom rik og fattig, kan eit slikt byggjande arbeid best skje på den måten at vi primært fokuserer menneske og fellesskap i staden for materielle verdiar. Vi må møte kvarandre og lære av kvarandre. Vi må også lytte til kvarandre i dialog og felles røynsler om rikdomen i fellesskapet. Derved kan vi også kome kvarandre nærmare i gjensidig forståing og respekt. El Escorial gjekk forresten så langt at dei kunne tenkje seg eit felles forum for deling av materielle verdiar. Teologisk ville ein slik praksis kunne vise til Bibelens lære om at jorda og alt som fyller henne høyrer Herren til og at det vi fordeler er ikkje vårt, men han som eig det. Praktisk ville det nok by på store problem med ei slik ordning. Og det er i alle fall ingen garanti for at maktfaktoren ville bli eliminert. Men det er inga orsaking for at vi ser på pengar og eigedom som eit privat eller nasjonalt spørsmål uavhengig av den globale samanhengen vi står i.

## *Større kvinnerepresentasjon i styre og råd<sup>5</sup>*

Det er heldigvis ei vakkne erkjenning av at kvinner i stor grad fell utanom det utviklingsarbeidet som statlege og private organisasjoner driv i u-landa. Mange utvileingsprosjekt er einsidig mannsdominert både når det gjeld formidlar og mottakar. Kvinner er også minimalt representerte i styre og råd, jamvel om det gjeld saker som har direkte relasjon til kvinnene sin eigen livssituasjon.

Som ein reaksjon mot denne skeive kjønsrepresentasjonen har vi fått prinsippet om meir kvinnerett bistand. Kvinnene skal i større grad vere målgruppe for nye utviklingstiltak. Jfr. f.eks. offisiell norsk bistandspolitikk.

Men det er viktig å vere klar over at det er ikkje nok å definere målgruppen for nye prosjekt og tiltak. Det har like mykje å seie at dei som skal formidle utviklingshjelp og diakoni representerer begge kjønn i eit rimeleg forhold. Det viser seg såleis at f.eks. eit jordbruksprosjekt med kvinner som målgruppe ikkje vil nå målsetjinga dersom prosjektet er administrert og effektuert av berre menn.

I El Escorial var kvinnene sterkt underrepresentert. Eg veit ikkje om det var eit «arbeidsuhell» eller utslag av sløv vanetenkning når det vart to menn som representerte Den norske kyrkja. Til samanlikning kan vi nemne at Den svenske kyrkja sende to kvinner. Men alt i alt var den totale kvinnerepresentasjonen på konsulasjonen eit speilbilete av det som vanlegvis skjer når kvinneinteresser skal drøftast og planleggjast. I relasjon til disponibele ressursar er det utan tvil kvinnene som får minst. Men det er menn som dominerer på vedtakssida både når det gjeld drøftingar og gjennomføring av ei meir rettferdig fordeling. Vi ser det i våre eigne styre og råd og endå meir i møte med andre kulturar der vi så gjerne skulle ynskje ein sterkare kvinnerepresentasjon. Men først må vi feie for eiga dør om våre ord skal ha gjennomslagskraft når vi taler til andre om det.

## *Vegen vidare fram*

Konsulasjonen i El Escorial har høge (urealistiske?) målsetjingar for ei betre ressursfordeling mellom kyrkjer og nasjonar. Og når vi ser dei i lys av det minimale som er resultatet av andre tilsvarande konsulasjonar, er det fristande å resignere alt i utgangspunktet. Jfr. f.eks. konsulasjonane om ei ny økonomisk verdsordning, nord/sør-dialogen o.a. Men det ville vere fatalt om vi skulle resignere. Dessutan bør vi kunne krevje meir av kristenfolket enn av statlege regjeringar som ofte let særinteressene få prioritet. El Escorial talte om *disiplin*<sup>6</sup> for ei meir rettferdig ressursfordeling, og det er eit nytig utgangspunkt for oss alle: at vi

*vil* større rettferd og at vi er realistiske nok til å ta eit steg om gangen.

I sitt innleiingsforedrag gjorde dr. Konrad Raiser merksam på at dekalogen bruker negativ form om regulering av både vårt gudsforhold og våre medmenneskelege relasjoner og at det kan vere enklare å formulere bod og forskrifter negativt enn å gi ei detaljert oppskrift for rett vandel i forhold mellom menneske: «Du skal ikkje!» Dette er ikkje minst viktig i forhold mellom rike og fattige, sterke og veike der maktfaktoren så lett får dominere: Du skal ikkje bruke makt! Dersom dette kunne vere ei påminning som hang på veggen i kvart styrerom innanfor kyrkjer og misjonsorganisasjonar på begge sider i alt samarbeid, ville berre det åleine kunne hjelpe oss til å ta det første steget mot ei meir rettferdig ressursfordeling internasjonalt såvel som nasjonalt. «Du skal ikkje bruke makt!»

## NOTER

Utdrag frå «Guidelines for Sharing» vedtekne av konsultasjonen:

1. «We commit ourselves:  
II/7 .. to represent to one another our needs and problems in relationships where there are no absolute donors or absolute recipients, but all have needs to be met and gifts to give, and to work for the structural changes in the institutions of the North and the South which this calls for.»
2. I/ «...because of our sin and selfishness we have misused God's gift. We have allowed the interests of a few to diminish the life of many. It has led to the rise of unjust structures which perpetuate dependence and poverty for the majority of the world's people. This surely is contrary to the purpose of God.» «The presence of The Risen Lord in the power of the Holy Spirit enables us to break down barriers and renew structures, preparing for the coming of God's Kingdom of justice and peace.»
3. «We commit ourselves:  
II/3 .. to identify with the poor and oppressed and their organized movements in the struggle for justice and human dignity in church and society. This in turn will imply the refusal to participate, either as giver or receiver, in ways of sharing that undermine this struggle.»
4. «We commit ourselves:  
II/6 .. to be open to one another as friends on the basis of common commitment, mutual trust, confession and forgiveness, keeping one another informed of all plans and programmes and submitting ourselves to mutual accountability and correction. This implies, for example, the implementation of mutual accountability and participation in decision making between South and the North.»
5. Frå «Recommendations on women and youth». I/1: «We recommend that there must be 50% representation by women in all decision-making and consultative structures set up or changed as a re-

sult of this consultation, such as follow-up committees, local, national, regional, and international bodies and that all these bodies must reflect the liberating perspectives of women in their decisions.»

6. Frå «Guidelines for Sharing.»

IV: «We will follow this discipline ourselves. We will try to create a climate in which it is understood and welcomed. We will challenge our churches, their peoples and their agencies to accept it. We will urge acceptance of this discipline beyond the membership of the WCC. We will refuse cooperation when this discipline is explicitly rejected....

We will support one another in our commitment. We undertake to give an account to each other and so to God, of the ways in which we have turned our words into deeds, within a period of three years.»

*Johan Skjortnes, f. 1926, misjonsskulen i Stavanger 1947-51, reisesekretær i NMS 1953-54, lærarskulen 1955-56. Misjonær på Madagaskar 1957-69, deretter i NMS hjemmearbeid, fra 1982 misjonssekretær. Div. art. i aviser, blad og tidsskrift.*

**Only one who receives has the right to give:**

**WCC consultation on resource sharing**

The world Council of Churches International Consultation on Resource Sharing was held in El Escorial, Spain, from 24 to 31 October 1987 with staff and leaders from churches and organizations from 73 countries. The theme of «Sharing Life in a World Community» highlighted the discussions that concerned the manner in which persons, agencies, churches, and ecumenical bodies participate in the use and exchange of spiritual, human and material resources. In this article some important issues from the discussions and the guidelines sent out from the consultation, are highlighted and related to church and mission life in Norway.